



Arkivnr: 2018/17312-12

Saksbehandlar: Tale Halsør

OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		06.02.2019

Miljøpris for Hordaland

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har sidan 1992 delt ut ein miljøpris. Frå statuttane for miljøprisen heiter det «Prisen skal vere til heider og stimulans for enkeltpersoner, lag og organisasjonar, bedrifter m.v. som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.» Miljøprisen er ein gåvesjekk på kr 50.000,-.

Det er i år kome inn forslag til 9 kandidatar til miljøprisen. Eit eige arbeidsutval har gått gjennom kandidatlista og fremjar forslag til utvalet om kven som skal få prisen.

Økonomi: Midlane er avsett i fylkesbudsjett 2018 over posten «Miljø»

Klima: Tiltaket er med å auke fokus på og stimulere til engasjement for klima og miljø i Hordaland.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Forslag til vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris til

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Nominasjonar miljøpris
- 2 Tidlegare vinnarar
- 3 Statuttar miljøpris for Hordaland

Fylkesrådmannen, 21.01.2019

Arbeidsutval for miljøprisen har vore:

- Jon Askeland
- Marthe Hammer
- Geir Angeltveit

Det er invitert til å komme med grunngjevne nominasjonar for prisvinnarar gjennom Fylkeskommunen sine heimesider og gjennom sosiale medier. Det er kome inn forslag om 9 kandidatar til miljøprisen.

Vinnar av miljøprisen for Hordaland:

Arbeidsutvalet har vurdert kandidatane og kjem med tilråding til Utval for miljø og samferdsel. Prisutdelinga er tenkt på Fylkestinget 5.-6. mars.